Det er interessant at opplæringa som lærarane fekk, gjekk ut frå at elevane ikkje trong handskrift i det heile. Ei av skulane presiserte dette, at dei måtte trassa kurset og innføra handskrift likevel, sjølv om dei no ventar til etter jul i fyrste klasse. Meiniane er delte om borna til slutt vert like dyktige med handskrift som før. Det vert nemnd at elevane slurvar meir med grammatikk og rettskriving enn forrige generasjon, men det kan like gjerne koma av korleis språkbruken har endra seg utanfor skulen.

Når elevane produserer innhald opnar det òg for å dela innhald på nye måtar. Dei har eit sterkare eigarforhold til det som dei har gjort.

Det er ikkje berre ei trykt bok som eg har fått og eg har fylt ut. Det er mykje meir stoltheit over arbeidet sitt fordi, det blir fint og det er noko dei vil vise fram.

Fordi arbeidet er digitalt, kan dei dela det på storskjerm, og borna lærer av kvarandre. Ein kan høyra utbrot som,

«Oj, det vil jeg også skrive, å jeg vil skrive, beskrive litt sånn hvordan han mannen ser ut, det gjorde ikke jeg».

Lærarane fortel om samarbeidslæring både i plenum, vha. digitaltavlane, og gjennom gruppearbeid. Det digitale formatet gjer det enkelt å endra verket eller arbeida vidare, utan at det vert stygt som når ein viskar på papir.

Liknande døme går igjen, men der er stor variasjon, og det krev eit langt større datasett å analysa dei einskilde læringsaktivitetane i detalj.

3.1.2 Tilpassing og tilrettelegging

Den variasjonen i presentasjonsformar som me har drøfta over, er verdifull for å kunna tilpassa undervisinga til ulike elevar, uansett om dei har særskilde behov eller berre slit med visse fag eller tema. Dersom målet med læringsaktiviteten er at elevane skal forstå faginnhaldet, kan dei velja det presentasjonsformatet som dei er mest komfortable med, slik at dei kan fokusera nettopp på faginnhaldet.

Elevar med dysleksi og nokre andre diagnosar har i mange år hatt tilgang til digitale hjelpemiddel. For nokon har dette vore vanskeleg, fordi dei vert annleis. Når nettbrettet vert allemannseige, har ein høyrd elevar seia at «nå er ikke jeg annerledes. Nå er det alle som har iPad og dermed så viser ikke det at jeg har spesielle behov». Alle har tilgang til dei same hjelpemidla.

Ein lærar fortel at dei bruker samskrivingsappar for å gje tilbakemelding når elevane arbeider med skriveøvingar og gjera tilbakemeldingane meir diskret. Læraren kan fylgja med på skrivinga og kontinuerleg koma med innspel, utan at klassa ser kven som treng mest hjelp.

Fleire lærarar peiker på at nivådeling vert enklare med digitalt læringsmateriell. Det er enklare å laga tilpassa innhald og det er enklare å distribuera ulike oppgåver til dei ulike elevane. Dei kan differentiera både på individnivå eller på gruppenivå. Opninga for at elevane kan levera i ulike formatar (lyd, bilete, tekst) som me skreiv i forrige avsnitt, er berre eitt døme på individuell tilpassing.

Der er eit rikt utval i appar, noko som opnar for variasjon. Dette er i og for seg viktig for alle, og lærarane peiker på *Stortingsmelding 22*, men spesialpedagogikken vert drege fram. Der er mykje terping og repetisjon. Nettbrettet gjer det enklare å variera appar. Sjølv om ein terpar på det same, «så verkar det ikkje som det er så lenge og så traurig for elevane».

3.1.3 Vurdering og Monitorering

Nettbretta har gjeve ei lange rekkje nye teknikkar for vurdering. Me har allereie nemnd at der er fleire moglege innleveringsformat, som gjer det enklare å vurdere eleven på innhald utan å vera hindra av format som eleven ikkje meistrar. Elevane kan levera inn leseleksa som lydfil, slik at læraren kan høyra eleven utan å bruka tid i klassa og utan at resten av klassa høyrer. Ein lærar nemnar at det er betre å høyra eleven i levande live, men mange lærarar understreker verdien av å bruka lydopptak, i ei lang rekkje fag. Dei får høyrd fleire.

Fordi nettbrettet sparer tid ved utdeling av øvingane, får lærarane meir tid til å hjelpa fleire elevar i klassa. I nokre fag, t.d. matematikk, har dei øvingar som vert automatisk retta. Somme lærarar bruker talenotat for å gje munnleg tilbakemelding på heimearbeid.

Nettbrettet opnar for ei rekkje arbeidsformar som byggjer på *vurdering for læring*, eit omgrep som vert styrka i den nye læreplanen. Me har allereie nemnd korleis elevane kan dela arbeid og læra av kvarandre. Der er òg nye verkty for kameratvurdering. Det vert enklare for elevane å bruka tilbakemeldingane, når dei umiddelbart kan redigera og halda fram med arbeidet sitt i digitalt format. Dei treng ikkje å starta på nytt når dei får innspel, men kan fokusera med det som dei slit med. Dette vert òg trekt fram av fleire lærarar.

For lærarane vert det enklare å halda oversikt over korleis elevane ligg an. Tidspunkt for arbeidet vert registrert automatisk, slik at ein lett kan sjå utviklinga over tid. Det som er vorte enklare for læraren er derimot vorte verre for foreldra. Dei har ikkje tilgang til dei same verktya og har mist den oversikta som dei

tidlegare fekk ved å bla gjennom bøkene.

3.1.4 Ressursbruk

Nettbretta inneber store utgifter, men òg nokre innsparingar. Innføringskostnadene er store, ikkje berre utstyrsinvesteringa, men òg opplæring for lærarane og lærarar som må laga nye undervisingsopplegg. Som ein lærar seier

Om kommune bestemmer seg for å gå inn i det. Då er det ikkje halvegs.

Då er det vekkasta pengar. Det er enten heilt, eller ikkje.

Særleg opplæringsopplegget for lærarane framstår som ein kritisk suksessfaktor. Skule I og II er tydelege på dette.

Lærarane peiker på at dei sparer mykje tid i klasserommet, fordi utdeling av øvingar o.l. går kjappare. Dei kopierer mindre, og sjølv om dei ynskjer å bruka bøker innimellom, kan dei bruka færre bøker enn før. Når dei samanliknar med PC-salane som vart brukte før, meiner dei at nettbrett krev langt mindre ressursar til vedlikehald.

Ei innsparing som lærarane derimot ikkje godtek, er å bruka nettbrett som erstatning for assistentar.

Det var noko av argumentasjonen med ipad, at du skulle ikkje trenge å mange assistent.

Rett nok seier dei at nettbrett kan gjera det enklare å gje elevane ulike oppgåver, anten det er for å nivådifferentiera eller for å skilla urolege elevar frå klassa. Likevel vil dei heller ha assistentar. Særleg behova overfor lese-, skrive- og matematikkvanskar vert nemnde. Fleire lærarar er uroa for at nettbrett kan verta ei unnskylding for å spara meir enn det som er fornuftig.

De som investerer i iPad også da, at de ikke tenke bare at de gjør det for å spare penger, og ikke kjøpe inn bøker og alt sånn. De må se på det som et redskap.

3.1.5 Læringssyn og læraropplæring

Når me spør om pedagogisk grunnsyn, er der stor skilnad mellom Skule III som hadde brukt nettbrett i eit år før dei fekk kurs, og Skule I som innførte nettbrett i samband med kurset. Skule II står i ein mellomstilling, med ein god del bruk før kurset, men mindre enn Skule III.

Før Skule II og III er der ein tett samanheng mellom det pedagogiske grunnsynet og måten dei bruker nettbrett. Me har ikkje grunnlag for å seia om dette òg gjeld Skule I. På Skule III er koplinga so tett at dei er tilbakehaldne med å fortelja andre korleis dei bruker nettbretta. Dei meiner at dei ikkje kan gjera det konstruktivt utan fyrst å drøfta læringssynet sitt. På direkte spørsmål avviser dei at innføringa av nettbrett har ført til ein endring i det pedagogiske tankesettet, det handlar heller om å finna eit verkty som passar inn i eksisterande pedagogikk.

Skule III var òg den mest kritiske til kurset som lærarane hadde fått. Det fremja for dei eit altfor instrumentelt læringssyn, med oppskrifter som ikkje lèt seg gjen-

nomføra i praksis. Litt av grunnen til dette kan vera at dei fleste der allereie hadde brukt nettbrett i undervisinga i eitt år.

Men det er klart at da kurset kom så ble det litt sånn, du følte litt «å ja, er det akkurat sånn en skal gjøre det». Det var ikke naturlig alltid, å starte timene, å gjøre det akkurat som de på en måte la opp til på de kursene.

To utfordringar med oppskrifta vert nemnd. For det fyrste tek det altfor mykje tid å førebu den idéelle økta kvar gong. For det andre er læraren avhengig av å kunna improvisera, eller som ein lærar formulerer, å ta tak i «magien som skjer i klasserommet».

du kan ikke ta å følge den her slaviske planen, og så skal det være evaluert. Men du må ta tak i magien og læringen som skjer i klassen også.

Biletet er likevel ikkje berre negativt, heller ikkje på Skule III. Dei har òg fått noko dei kan bruka frå kurset.

det var veldig masse bra de kom med. Men en må på en måte plukke litt etter hvert.

Improvisasjon handlar òg om å bruka den kompetansen som elevane har. Fleire lærarar oppleverer at elevane kan meir om nettbretta enn dei sjølve, og det kan dei utnytta. Elevane er stolte når dei får visa fram. Det er positivt både når dei modellerer får klassa, og når dei hjelper kvarandre ein til ein.

Skule I skryt mykje av kurset, der eksterne kurshaldarar kom inn i klassene deira og demonstrerte ei økt med elevane, komplett med plan, læringsmål, gjennomføring og evaluering. Dermed fekk elevane teknologiinnføringa direkte frå kurshaldarane, og lærarane vart vitne til ein måte å bruka nettbrett på og ein måte å organisera ei økt.

Uavhengig av korleis dei oppfatta kurset, er der ingen som tek til orde for å fylgja kursopplegget slavisk. Fleire lærarar talar sterkt om kor viktig det er å tilpassa seg, og dei legg vekt på balanse mellom nettbrett og andre verkemiddel. Dei fortel om elevar som vert svært glade når dei får arbeida med bøker og penn og papir, og fleire lærarar framstiller seg sjølve som litt ulydige, når dei ikkje bruker nettbrettet til alt for ein kvar pris. Gruppene gjev inntrykk av stor respekt for slike individuelle val tilpassa den einskilde elevgruppa.

Både Skule II og III fortel om at kor godt tilpassa dei er til den komande læreplanen. Mange av dei nye elementa som er varsla har dei allereie dekt gjennom dei digitale arbeidsformane som dei har funne. Vurdering for læring, som me har diskutert tidlegare, vert nemnd spesielt.

Der finst òg døme på at nettbrettbruken gjev ny innsikt, eller *aha*-opplevingars. Me nemnde tidlegare korleis skrivning handlar om to ting, formulera språket og setja det ned på papir. Denne innsikta kjem for nokon når dei ser korleis elevane arbeider med tekst. Ein lærer seier at

jeg har fått et helt annet syn på det å skrive med elevene. Jeg opplever at de elevene som har vanskeligheter med å skrive med blyant, plutselig skriver mye mer tekst med iPad.

3.1.6 Uløyste utfordringar

Ei lang rekkje uløyste utfordringar kom fram i intervjuet. Me brukte lite tid på å analysere dei, langt mindre løysa dei, men me nemnar dei her for ikkje å gløyma dei.

Disiplin er ei utfordring som vert nemnde uoppmoda av alle gruppene. Nettbrettet gjev eleven so mange høve til å gjera noko heilt anna enn det som læraren har planlagt, og det er vanskeleg for læraren å halda auga med kva enkelt. Dette handlar ikkje berre om motviljuge elevar, men like mykje om at det er lett å verta distraherert av ein hyperlekk, som kanskje til og med er lærerik og nyttig, berre ikkje relevant der og då. Utfordringa kom òg opp på kurset som lærarane hadde vore igjennom, utan at dei fekk klare råd.

Der finst verkty for å låsa nettbretta til den appen som læraren har bestemt. Ulike kommunar har vald ulike strategiar. Giske har vald ikkje å bruka denne programvaren og heller fokusere på at elevane skal lære sjølvdisiplin. Dei har derimot vitja andre skular som bruker slik teknologi, og ein lærar ymtar om at han kanskje heller såg at dei òg brukte dette i Giske. Lærarane, i alle fall ved ein av skulane, kan derimot bruka programvaren til å overvaka kva elevane gjer på sine brett.

Ei gruppe peikar òg på at nettbrettet kan gjera det enklare å handtera udisiplinerte klasser, fordi det vert lettare å senda dei elevane som uroar klassa ut for å gjera noko anna, og dermed skjerma dei meir motiverte elevane.

Utstyr er forbruksvare, og dette vert trekt fram av ei gruppe. Dette er mest tydeleg for øyrettelefonane som elevane treng når dei skal høyra på opptak i klasserommet. Dei vert fort øydelagde. Skulen kjøper inn eitt sett til kvar elev, men resten må dei kosta sjølv. Då skjer to ting, det eine er ein trusel mot gratisprinsippet, og det andre er store skilnader når somme elevar får ekstra dyre øyrettelefonar.

Sjølve nettbrettet kan vara nokre år, men uhell skjer og brett vert knuste. Det er vanskeleg å talfesta, men «i alle fall 5-6» knuste brett per år vert nemnd, ut av 200 brett på skulen. Forsikring vert nemnd som ei løysing, men hovudsaka er at skulen må vurdere og handtere risikoen og kostnaden.

So langt har me i liten grad prata om digital kompetanse som læringsmål i skulen. Nettbrettet framstår først og framst som eit verkty for å nå kjende læringsmål i alle slags fag. Det som er styrken åt nettbrettet, kan òg vera ei ulempe. Nettbrettet er enkelt å bruka, og vert eit lågterskelverkty i alle fag, men elevane vert då ikkje vane med dei tekniske problema som fylgjer anna utstyr. Før eller sidan, seinare i skuleløpet, må elevane lære å bruka PC. Det er eit ope spørsmål når det bør skje.

I all hovudsak seier lærarane at nettbretta krev langt mindre vedlikehold og kompetanse enn PCane. Eleven har alltid nettbrettet med seg og det verkar med ein gong. Der er likevel døme på at nettbrett òg krev teknisk støtte. Ein av gruppene fortel at då dei fekk nettbrett fyrste gongen, vart dei konfigurert med tanke på bruken i klasserommet. Stavekontroll vart t.d. skrudd av. Då bretta vart byta ut nokre år seinare, vart denne jobben ikkje gjort. Skulen eller kommunen hadde

ikkje etablert nokon rutine.

Ei av gruppene kjem inn på utfordringane rundt opphavsrett og personvern. Når elevane tek i bruk digitale verkty, må dei òg læra kva dei har lov til og ikkje.

Lading av nettbretta er ei utfordring som skulane har løyst ulikt. I prinsippet skal elevane alltid lada bretta heime; det er foreldra sitt ansvar. Ikkje alle hugsar det. Ein av skulane er klar på at dei ikkje har plass til å lada på skulen, og opplever dette som eit stort problem. Ein annan skule lét elevane sitja på golvet i ein krok og lada. Som det vert sagt, «dei sitter kanskje litt meir ubehageleg, men då kan det hende dei hugsar til neste gong».

3.2 Analyse

Det er tydeleg i datasettet at kvar einaste lærar har si eiga historie å fortelja om korleis dei bruker nettbrett og kva elevane har igjen for det. Der er inga felles oppskrift for korleis kommunen bruker nettbrett i undervisinga, tvert imot høyrer me at det som ein gong vart presentert, meir eller mindre, som ei oppskrift nettopp ikkje fungerer i praksis. Lærarane må ta litt herfra og derfra, og fanga «magien» i klasserommet.

Studien gjev oss dermed ikkje vitskapleg kunnskap om kva læringsaktivitetar og verkty ein bør bruka i skulen, men det er heller ikkje sikkert at det er slik kunnskap ein bør søkja.

Vitskapleg kunnskap handlar om universelle sanningar, *kunnskap om ting som ikkje kunne vera annleis* som Aristoteles formulerer det i *Etikken*. Det er klokskap som ser ut til å liggja til grunn for lærarane si undervising, og klokskap handlar om å forstå einskildtinga: den einskilde elev, det einskilde faget og den spesielle konteksten (kvardagen) der undervisinga finn stad. Dette kjem fram når lærarane fangar «magien» i klasserommet, det spesielle høvet som dei ser i den einskilde situasjonen, og når dei vel læringsaktivitetar for den einskilde eleven.

Vitskaplege løysingar har vore i vinden dei siste 100-200 åra. Samfunnet vil ha generelle, instrumentelle teoriar som likeframt kan løysa problem frå røynda, utan å avhenga av klokskapen åt den einskilde profesjonsutøvaren. Fleire forfattarar, som Weizenbaum (1976) og Schön (1983), har peikt på at det ikkje er mogleg. Innanfor pedagogikken tek t.d. Karlsen (2006) og Sawyer (2004) til orde for at undervising er kreativ improvisasjon, der rigide planar alltid vil koma til kort. Det er kreativ improvisasjon som let læraren fanga «magien» i klasserommet. Det same ser me i Søren Kierkegaard sine vidgjetne ord,

Hvis det i sannhet skal lykkes å føre et menneske hen til et bestemt sted, må man først passe på å finne ham der hvor han er og begynne der. Dette er hemmeligheten i all hjelpekunst.

Vitskap, som er kunnskap om ting som ikkje kunne vera annleis, kan ikkje møte eleven der han er, og det kan heller ikkje teknologien. Som Weizenbaum (1976) treng ein menneskeleg røynsler for å forstå menneskelege problem. Sjølv kunstig intelligens føreset at eleven passar inn i ein eller annan teoretisk modell som for-

3 Pedagogikken

klarer kva han kan og kva han treng. Sjølv om slike modellar kan vera både svært avanserte og svært fleksible, kjem dei alltid til kort.

Problemstillinga er ikkje unik for undervising. Schön (1983) peikar på det same i alle profesjonsfag. Han viste at profesjonsutøvarane tilnærmar seg praktiske problem som unike fall, og ikkje som instansar av kjende kategoriar av problem med kjende løysingar. Problema i røynda er samansette og rotute. Unntak er det normale, og føresetnadene for teorien held som regel ikkje i praksis. Schön (1983) ynskte å gjera eksplisitt den tause kunnskapen som profesjonsutøvarane byggjer på. Han peiker m.a. på at profesjonsutøvarane byggjer på breidt repertoir av døme, henta frå røymsler, som vert brukte gjennom analogi.

Dette tyder sjølv sagt ikkje at vitskapleg kunnskap ikkje er nyttig, og éin av lærarane seier òg at dei gjerne skulle ha hatt meir kunnskap om kva som verkar og kva som ikkje gjer det. Poenget er at vitskapleg kunnskap ikkje er nok. Dersom Aristoteles, Kierkegaard og Schön har rett, er lærarane avhengig av autonomi, til å møte elevane som unike individ der dei er.

Dette ser det ut til at Giske har fått til. Nettbrettet er ein diger verktykasse med mange ulike verkty for å møte eleven der dei er, med ulike appar og arbeidsformar å velja mellom. Det er verd å merkja seg at det ikkje er spesielle undervisningsappar som dominerer forteljingane frå lærarane. Dei pratar meir om heilt vanlege appar for lydopptak, samskriving, video, m.m. som lærarane tek i bruk fordi dei er passar i faget.

Kurset som lærarane fekk, kan tolkast på to måtar. Når nokon av lærarane kritiserer kurset, verkar det som om dei forstår kurset som ei fasitløysinga, og dei kjenner ei forventning om at dei alltid skal gjera det på same måte. Meir positivt, kan me tolka kurset på eit døme som éi økt, som formidlar eitt bestemt tema for éi bestemt elevgruppe, akkurat der og då. Lærarane fekk forklart korleis iPadden verkar, og dette er i stor grad kunnskap, men kunnskap om iPadden og ikkje om undervising. Når det kjem til undervising, fortel lærarane berre om ein *demonstrasjon*.

Når me tenkjer som Schöns reflekterte praktiskar, er kurset ikkje ei forklaring på korleis ein skal gjera det, men eit døme på korleis ein kan gjera det. Eit slikt døme må tolkast på nytt i ein kvar ny situasjon der ein bruker lærdommen. Det er vesentleg at døma er relevante for profesjonen. Kurset er då ikkje døme på korleis ein bruker nettbrett, men på korleis ein underviser ei klasse. Som ein av lærarane uttrykker det: «Det er forskjell då, kjennskap til ipad og ipad som pedagogisk verktøy.» Ein annan lærer roste kurset fordi kurshaldarane sjølv hadde lærarbakgrunn, og tok utgangspunkt i lærarrolla.

I denne studien har me peikt på nokre døme på korleis lærarane bruker nettbrett. Me kan ikkje forklara korleis det skal gjerast, berre peika på døma. Det tek tid å byggja opp eit repertoir rikt nok til å møte alle dei situasjonane som ein møter i klasserommet, og ein må erfaring med korleis dei verkar i ulike situasjonar. Det seier lærarane òg

Eg føler iallfall personleg at det tok lang tid før eg vart trygg på verktøyet, og kva som kan kombinerast og mulighetene og sånn då. Lære

stadig noko nytt.

Der er ingen snarveggar når me avheng av klokskap. Det er nok viktig for suksessen at lærarane faktisk har autonomi til å møte elevane der dei er, som unike fall, og at dei sette av tid til intensiv opplæring og oppstart som eit samla kollegium.

Me har òg peikt på nokre utfordringar og dilemma som ikkje er løyste. Me skal heller ikkje løysa dei, for igjen trur me på Schön (1983). Dei må løysast på kvar einskild skule, og kanskje i kvar klasse, fordi skulane og klassene er unike. Bidraget vårt er å peika på dei, slik at utfordringane vert hugsa, drøfta og tekne omsyn til.

4 Oppsummering

Denne utforskande studien gjev ikkje grunnlag for bastante konklusjonar, korkje teoretisk eller empirisk, men der er fleire interessante observasjonar som kan danna grunnlag for vidare studiar.

Den viktigaste observasjonen handlar om den autonomien som læraren har. Me har sett innføringa av iPad éin-til-éin vart vedteken på kommunehuset, og korkje lærarane eller rektorane hadde noko dei skulle ha sagt. Slik kan det sjå ut som om læraren er fullstendig underlagd sentrale føringar.

Sentraladministrasjonen har derimot, so langt me kan sjå, sagt svært lite om *korleisa* iPad-en skal brukast. Dei bruksdøma som lærarane fortel om er tydeleg fundert i deira eigen praksis og metode, og me høyrer at dei vel bort iPad i ulike samanhengar. Dette er kanskje ulydig eller gjev grunn for dårleg samvit, der er likevel ingen som framstiller slike avvik som negative.

Éin av skulane oppfatta eit instrumentelt læringssyn i treningsopplegget som dei fekk, og ser på det som negativt. Det er deimot ikkje det instrumentelle læringsynet som har vunne fram. Lærarane fortel om enkle verktøy som dei tilpassar i sin eigen pedagogiske metode. Nettbrettet framstår som ein diger verktykasse der lærarane hentar nokre få verkty som passar inn i deira undervising.

Slik framstår læraren stadig som autonom. Dei skal bruka iPad, men det er ikkje meir eller mindre avgrensande enn å seia at dei skal bruka blyant; fordi dei har fridomen til å bruka det som er rett for deira elevar i deira fag. Dette kan òg forklara kvifor endringa framstår som vellukka trass i at vedtaket kom ovenifrå og ned. Kommuneleiinga vedtok at iPad skulle innførast, men lærarane har utstrakt makt i *korleis* iPad skal brukast.

Dette synet på læraren som autonom profesjonsutøvar synest å vera vesentleg for suksess, både ut frå eit pedagogisk og eit leiingsperspektiv. Den andre suksessfaktoren som synest kritisk er tilstrekkeleg opplæring, og då utan å føreskriva løysingar som trugar autonomien. Det kan òg vera vesentleg at opplæringa var intensiv og at heile kollegiet var saman om overgangen. Ei av gruppene uttrykte at det var bra at dei unngikk «seigpininga» ved ei sakte innføring. Det ville vera interessant med vidare forskning for å testa desse hypotesane vidare.

Litteratur

- A. B. Ahmad and Z. Cheng. The role of change content, context, process, and leadership in understanding employees' commitment to change: The case of public organizations in Kurdistan region of Iraq. *Public Personnel Management*, 47(2):195–216, 2018.
- J. Allen, N. L. Jimmieson, P. Bordia, and B. E. Irmer. Uncertainty during organizational change: Managing perceptions through communication. *Journal of change management*, 7(2):187–210, 2007.
- H. Augustsson, A. Richter, H. Hasson, and U. von Thiele Schwarz. The need for dual openness to change: a longitudinal study evaluating the impact of employees' openness to organizational change content and process on intervention outcomes. *The Journal of Applied Behavioral Science*, 53(3):349–368, 2017.
- S. M. Babaheidari and L. Svensson. Managing the digitalization of schools: an exploratory study of school principals' and it managers' perceptions about ict adoption and usefulness. pages 106–113, October 2014.
- J. M. Bartunek, D. M. Rousseau, J. W. Rudolph, and J. A. DePalma. On the receiving end: Sensemaking, emotion, and assessments of an organizational change initiated by others. *The Journal of applied behavioral science*, 42(2):182–206, 2006.
- J. K. Benzer, M. P. Charns, S. Hamdan, and M. Afable. The role of organizational structure in readiness for change: A conceptual integration. *Health services management research*, 30(1):34–46, 2017.
- S. D. Caldwell, D. M. Herold, and D. B. Fedor. Toward an understanding of the relationships among organizational change, individual differences, and changes in person-environment fit: a cross-level study. *Journal of Applied Psychology*, 89(5):868, 2004.
- D. M. Herold, D. B. Fedor, and S. D. Caldwell. Beyond change management: A multilevel investigation of contextual and personal influences on employees' commitment to change. *Journal of Applied Psychology*, 92(4):942, 2007.
- D. T. Holt, A. A. Armenakis, H. S. Feild, and S. G. Harris. Readiness for organizational change: The systematic development of a scale. *The Journal of applied behavioral science*, (2):232–255, 2007.

Litteratur

- Geir Karlsen. Stilt overfor det som ennå ikke er. In Kjetil Steinsholt and Henning Sommerro, editors, *Improvisasjon. Kunsten å sette seg selv på spill*, pages 239–259. 2006.
- M. A. Korsgaard, D. M. Schweiger, and H. J. Sapienza. Building commitment, attachment, and trust in strategic decision-making teams: The role of procedural justice. *Academy of Management journal*, 38(1):60–84, 1995.
- Richard A. Krueger and Mary Anne Casey. *Focus Groups: A Practical Guide for Applied Research*. SAGE Publications, Inc, 4th edition, October 2008.
- J. O. Lindberg and A. D. Olofsson. Recent trends in the digitalization of the nordic k-12 schools. *Seminar.net*, 14(2):103–108, October 2018.
- R. Lines. Influence of participation in strategic change: resistance, organizational commitment and change goal achievement. *Journal of change management*, 4(3):193–215, 2004.
- S. R. Madsen, D. Miller, and C. R. John. Readiness for organizational change: do organizational commitment and social relationships in the workplace make a difference? *Human Resource Development Quarterly*, 16(2):213–234, 2005.
- S. Oreg. Personality, context, and resistance to organizational change. *European journal of work and organizational psychology*, 15(1):73–101, 2006.
- S. Oreg, M. Vakola, and A. Armenakis. Change recipients' reactions to organizational change: A 60-year review of quantitative studies. *The Journal of Applied Behavioral Science*, (4):461–524, 2011.
- S. K. Piderit. Rethinking resistance and recognizing ambivalence: A multidimensional view of attitudes toward an organizational change. *Academy of management review*, (4):783–794, 2000.
- A. E. Rafferty and M. A. Griffin. Perceptions of organizational change: A stress and coping perspective. *Journal of applied psychology*, (5):1154, 2006.
- A. E. Rafferty and N. L. Jimmieson. Subjective perceptions of organizational change and employee resistance to change: Direct and mediated relationships with employee well-being. *British Journal of Management*, (2):248–264, 2017.
- A. E. Rafferty, N. L. Jimmieson, and A. A. Armenakis. Change readiness: A multilevel review. *journal of management*. 39(1):110–135, 2013.
- R Keith Sawyer. Creative teaching: Collaborative discussion as disciplined improvisation. *Educational researcher*, 33(2):12–20, 2004.
- Donald A. Schön. *The Reflective Practioner*. Ashgate Arena, 1983.

M. Vakola, I. Tsaousis, and I. Nikolaou. The role of emotional intelligence and personality variables on attitudes toward organisational change. *Journal of managerial psychology*, 2004.

Joseph Weizenbaum. Computer power and human reason: From judgment to calculation. 1976.